



Ella Karina Hjørnevåg er dagleg leiar i den nye ungdomsbedriften Holiday UB.

Ella Karina Hjørnevåg (17 år) elev på Kvinnherad Vidaregåande skule, er dagleg leiar i ungdomsbedrifta Holiday UB i Kvinnherad. Verksemda er nyleg skipa og målet er å spre glede og letta litt på julestresset ved å produsera adventskalenderar tilpassa ei brei aldersgruppe og ut frå ulike behov.

Ella Karina skriv i ei melding ti Uskedalen.no at tilbudet skal vera til hjelp i ei tid då det aukar på med koronatilfelle. Kunden tingar ein kalender. Arbeidsgruppa på fem lagar adventskalenderen etter ynskje, handlar lokalt og sel til kunden. På den måten prøver ein å gjera det slik at ikkje alle treng gå på butikkan for å handla inn til sin kalender. Dermed gjer ein ein innsats for å hindra smitte der mange møtest.

Gruppa på fem medlemmer frå ulike aldersgrupper vart utfordra til å starta bedrifta i entreprenørskap og bedriftsutvikling 1 på vg 2.

Verksmeda heiter Holiday UB på Facebook. Der kan du finna meir informasjon om elevbedrifta. Gruppa kan også komtaktast på mail:

holidayUBKVV@gmail.com

Telefon: 45874370

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat